

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 308/2021

2024/EØS/19/31

av 29. oktober 2021

om endring av vedlegg XVIII til EØS-avtala (Helse og tryggleik på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik handsaming av kvinner og menn)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Artikkel 5 nr. 2 i rådsdirektiv 2004/113/EF av 13. desember 2004 om gjennomføring av prinsippet om lik handsaming av kvinner og menn når det gjeld tilgang til og levering av varer og tenester⁽¹⁾, som er teke inn i EØS-avtala, vart kjent ugyldig med verknad frå 21. desember 2012 ved Domstolen til Den europeiske unionen sin dom av 1. mars 2011 i sak C-236/09⁽²⁾, og artikkel 5 nr. 2 bør følgjeleg også gjerast ugyldig i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XVIII til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Teksta i EØS-avtala vedlegg XVIII nr. 21c (rådsdirektiv 2004/113/EF) skal lyde:

”**32004 L 0113**: Rådsdirektiv 2004/113/EF av 13. desember 2004 om gjennomføring av prinsippet om lik handsaming av kvinner og menn når det gjeld tilgang til og levering av varer og tenester (EUT L 373 av 21.12.2004, s. 37).

For føremåla med denne avtala skal føresegnene i direktivet lesast med følgjande tilpassingar:

- a) I artikkel 5 og 17 skal orda ’21. desember 2007’ forståast som ’30. juni 2010’.
- b) Artikkel 5 nr. 2 skal ikkje nyttast.”

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde 30. oktober 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 29. oktober 2021.

For EØS-komiteen

Rolf Einar Fife

Formann

⁽¹⁾ TEU L 373 av 21.12.2004, s. 37.

⁽²⁾ TEU C 130 av 30.4.2011, s. 4.

^(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.